

NVE

v/Malin Solheim Høstmark

Saksnummer 202514846

Innspel etter synfaring ved Ramsgrøvatnet den 15/6-26

Først av alt vil vi takke for en vel gjennomført synfaring med dialog med NVE og Salbu Produksjon A/S. Når det er sagt fekk vi bekrefta at det er mykje uklarheiter, samt manglande kartlegging og faktabasert informasjon i prosjektet.

1. Salbu Produksjon A/S hadde store problem med å konkretisere høgder på vasstand i tørkeperiodar og normaltider. På spørsmål om høgsta og lågasta vasstand vart informasjonen utydeleg, og vi opplevde at differansen mellom høgste og lågaste vasstand på 1,7 m vart forsøkt snakka bort eller redusert til nokre centimeter. Som øvre oppdemningsnivå vart nemnt 12 cm over ein stein i vasskanten, medan nedtapping ikkje vart konkretisert.
2. Søkjar nytta omgrep som «lite påverknad» som følgje av oppdemming og nedtapping, samtidig som det vart stadfesta at vegetasjonen på strender som vert lagt under vatten vil dø.
3. Salbu Produksjon A/S hadde store problem med å konkretisere spørsmål om fylling av bassenget for å ha kapasitet til å oppretthalde minimumsvassføring i elva i tørkeperiodar. Det vart sagt at dei ville fylle bassenget i tørkeperiodar, noko som framstår som ein logisk brist.
4. Konsekvensane av oppdemming og nedtapping fremstår ikkje tilstrekkeleg klarlagt, til dømes kva gjeld skade på fuglehekking og tilgangen til strendene for rekreative føremål. Vi registrerer at Statsforvalteren sin anbefaling om fugleteljing i mai ikkje er teke til følgje. Deler av vår eigedom vil stå under vatn under oppdemming, medan vi i periodar med nedtapping vil få utsikt til ein brei livlaus og stygg strandkant. Som ny informasjon vil vi gjere merksam på dei tre tuftane med restar av grunnmurer fra historiske naust i vasskanten ved den nordlege enden av Ramsgrøvatnet. Spørsmålet er om desse har verdi som kulturminne.
5. Søknaden tek ikkje utgangspunkt i lokale data om flaumfrekvens. Vi er kritiske til at søkjar ikkje har kartlagt dette. I staden fekk vi som deltakere i synfaringa spørsmål om vi kunne opplyse om dette.
6. Konsekvensklassifisering vart eit tema i synfaringa. Når ein les kriteriene, framstår klasse 2 som meir rett enn klasse 1.
7. Vi har fått ny e-post frå søkjar etter synfaringa med oppmoding om å kome med forslag til tidspunkt for eit nytt møte om prosjektet for at vi kan få «den informasjon som har manglet over tid». E-posten forsterkar inntrykket av mykje uklarheiter og underkommunisert informasjon mellom anna om forhold knytt til Høydal bru, samt

utforming og plassering av demninga. I synfaringa verkar det og som om plasseringa av demninga vart tenkt flytta i høve til søknaden. Det bidreg til eit inntrykk av eit firma som er villig til å endre vilkåra undervegs, noko som gjer det vanskeleg for oss som grunneigare å vite kva realitetar som faktisk gjeld.

8. Søkjar argumenterer mykje med pengane og tida dei har brukt, noko som ikkje er relevant for oss som grunneigarar.
9. Vi vil trekke fram informasjonen som kom fram i synfaringa om teknologiske løysingar for å rense og spare vatn. Dette er åpenbart teknologi som kan redusere behovet for vassmengder kraftig, noko som reiser spørsmål om Salbu Produksjon A/S, i det heile teke, treng å demme opp Ramsgrøvatnet for å produsere settefisk.
10. I konsesjonsperioden som no går ut har Salbu Produksjon A/S ikkje vist realiseringsevne.
11. I høve privatrettslege forhold har Salbu Produksjon A/S teke ein uredeleg snarveg ved å skrive i søknaden at dei har langsiktig avtale med grunneigar av Ramsgrøvatnet, noko som ikkje er sant. Dette er ikkje tillitsvekkjande.

Synfaringa vart såleis ei bekrefting på at det manglar utgreiingar, presisjon og synleggjering av konsekvensar. Salbu Produksjon A/S vil hente ut økonomiske verdiar, medan naturen og grunneigarane må tåle konsekvensane av naturinngrepa. Ettersom vi ikkje har vore involvert undervegs i prosessen, opplever vi at våre interesser og lokalkunnskap kjem i tredje rekkje. Vår tillit til Salbu Produksjon A/S og prosjektet er uendret svak.

Venleg helsing Randi Jepsen og Rolf Horne
Furuneset, 28/6-26